



Alfred Skogseth sin lastebil etter krigshandlingane april 1940

I samband med den store innsamlinga av bilstoff frå perioden 1915-1965 som pågår, vil krigsåra ha ein sentral plass. Under krigshandlingane i Uskedalen/Herøysund i april 1940 vart det montert kanoner på fleire lastebilar. Stoff om og bilete av desse bilane er særdeles interessant for samlinga.

Desse kanonbilane kom også frå andre bygder i Kvinnherad. Dei deltok i krigshandlingane her i området 17.-20.april 1940. På biletet over ser vi ein lastebil som tilhørde Alfred Skogseth, der den er fotografert på Sandabakkane med øydelagt kanonløp og knust førarhus.

Innsamlar Einar Gjertsen kjenner også til 3 andre lastebilar som vart brukt på liknande måte. Dei tilhørde Toralf Holmedal, Arne O. Eik og Arne M. Myklebust. Gjertsen er svært interessert både i bilete og anna stoff om desse 4 bilane og eventuelt andre bilar som vart brukt i krigshandlingane.

Dei som har slik informasjon kan ta kontakt på telefon 901 90 948 eller på epost einar.gjertsen@gmail.com.

Når det gjeld innsamlinga elles viser vi til [artikkelen vår for nokre dagar sidan](#).

Tekst og nett: Tor Inge Døssland

Foto frå innsamlinga.